



Til medlemmane i NLT Sunnfjord

## Infoskriv

Det nærmar seg årsslutt og det hastar etterkvart å få inn alle **timelister for 2014**.

**Neste frist for å levere vert 5.des**, det er siste ordinære utlønning i år. Oppe i høgre hjørne på utskrifta ser du kva som er ubenyttta tilskot, hugs at det er inklusiv avgifter m.m Kontonr, dnr (utanlandske arb.takarar) og frikort må vere ordna før listene vert levert.

Frå neste søknadsomgang har ikkje dokke lenger muligheit å krysse for at avløysartilskotet skal utbetaltast til laget, alt skal gå direkte til bonden. Dette kan fort skape likviditetsproblem for NLT Sunnfjord. Det blir difor viktig å betale alle rekningar som vi sender ut fortløpande, eventuelt føre pengane over til laget snarast etter at dei har komt.

## Utanlandske arbeidarar

Bekjemping av MRSA (gule stafylokokkar) For å bekjempe denne smitta i Noreg oppfordrar vi alle som har utanlandske arbeidstakarar om at dei vert testa før dei startar å jobbe. Vi vil også minne om karantenetida, som er **48 timar** viss du har hatt kontakt med husdyr i andre land. Tell timane frå tidspunktet du kjem tilbake til Norge. Les meir om dette på facebook/nettsida til NLT Sunnfjord.

## Landbruksvikar i Gaular

Erlend Bell Fossen har sagt opp stillinga si som landbruksvikar i Gaular, og vi søker då etter ny landbruksvikar i 100% stilling der. Gje oss eit tips om du veit om nokon som er aktuell. Odd Magne Vallestad tek på seg avløysaroppdrag.

Har du behov for landbruksvikar, ta kontakt på **tlf 90 70 68 30 dag/kveld/helg**

## Ekstra årsmøte

Sjå innkalling på baksida av arket.

## HMS- Helse, miljø og sikkerheit

Vi har hatt tilsyn med arbeidstilsynet, og då krev dei blant anna dokumentasjon på at du som bonde er bevisst på kva ansvar du har når du skal leige arbeidsfolk på garden. Så vi ber alle om å skrive under på og returnere vedlagte skjema og returnere til oss snarast. Vi vil etter kvart få dette inn på heimesida vår.

**Kontonr for innbetaling av skuld til laget: 3841 05 00601**

Med helsing  
Sunnfjord landbrukstenester  
<http://www.landbruk.org>  
Kari Stokkebekk



Til medlemmane

## **Innkalling til ekstra årsmøte for Gaular avløysarlag og Sunnfjord landbrukstenester.**

Tid: 10. desember 2014, kl 13 – 14

Stad: Førde rådhus, møterom Haukedalen, 4 etg.

Fusjon skal innmeldast til Brønnøysund innan 4 veker etter fusjonen er inngått. Når vi fusjonerte med Gaular avløysarlag rakk vi ikkje denne fristen og må difor ta dette oppatt på ekstra årsmøte.

### Sakliste:

- Endelig godkjenning av fusjon mellom Gaular avløysarlag og Sunnfjord landbrukstenester.
- Vedtektsendring § 13 Oppløysing/fusjon

Papir angående fusjonen finn du på heimesida, det vert også utdelt på møtet.



## Helse, Miljø og Sikkerheit (HMS)

NLT Sunnfjord vil i dette skriv presisere og bekrefte ansvarsforhold for alle avløyssarar/ansatte som vi betalar lønn til.

Vi viser til vedtekter som slår fast at det er Dykk bønder/oppdragsgjevarar som har HMS ansvar for arbeid utført hjå Dykk.

Ansaret inneber blant anna:

Opplæring av dei som jobbar hos deg på eit språk kvar enkelt forstår. Hugs å dokumenter opplæring og oppbevar i internkontrollen.

Utlevering av verneutstyr som trengs for å utføre jobben.

De må ivareta arbeidstidsbestemmelsane i Arbeidsmiljølova §10. De finn link til denne på vår heimeside. Hugs å markere overtid (§10.6) på timelistene. Arbeidsmiljølova seier når ein har krav på pausar §10.9

Foreta ein risikovurdering av dei arbeidsoppgåver som avløyssar og du sjølv utfører, dokumenter så i internkontrollen.

Bevisstgjer deg sjølv og avløyssar i bruk av avviksskjema, slik at ulukker kan unngåast.

Avviksskjema finn du på vår heimeside.

Vårt felles mål er ein sikker arbeidsplass utan arbeidsulukker.

Vårt verneombud heiter Jonny Lofnes, tlf 97 06 30 34

Vår webadresse: [www.landbruk.org](http://www.landbruk.org)

Vi ber deg om å signere dette skjema og returnere til oss snarast.

Med vennlig helsing

NLT Sunnfjord

Kari Stokkebekk

Dagleg leiar

\_\_\_\_\_  
Signatur bonde

\_\_\_\_\_  
Namn med blokk bokstavar